

# Faglærars evaluering av INF0110 Informasjonssystem – våren 2015

## Bjørnar Tessem

### Vurdering av gjennomføring

Kurset har 10 p, og har hatt 15 forelesingar. 5 av desse er gjesteforelesarar. Oppmøtet var godt i starten av semesteret, men gjekk ned mot slutten. Dette er normalt. Studentane var nøgde med faglærars forelesingar, men hadde noko varierende oppfatningar av gjesteforelesarane. Gjennom heile semesteret vart det gjennomført kahoot!-quizar. Studentane responderte veldig bra på dette. Studentane hadde 11 seminargrupper kvar der dei diskuterte case frå lærebøker. Viktig der var og gjennomgang av prosjektoppgåva som dei skulle levere i mai. Dei fikk tre prøveinnleveringar av denne prosjektoppgåva, med kommentarar dersom dei summerte opp arbeidet i seminargruppene. Relativt få nytta dette tilbudet. Studentane var ikkje heilt nøgde med seminargruppene. Forma på desse bør vurderast.

Eksamenskarakterane spreidde seg jamt utover, som forventa i eit så stort kurs.

Studieinformasjon vart lagt ut på miside i god tid, meir enn det verka som at studentane fikk med seg. Mykje tyder på at studentane generelt ikkje brukar miside så mykje som dei burde. Ein skulle ikkje vere nøydd til å gjenta kursrelevant informasjon så mange gonger.

Lærebok-tilbodet er ikkje bra i dette kurset. Amerikanske «business»-orienterte bøker er det vanlege, noko som ikkje passar 100% til vårt skandinaviske perspektiv på informasjonssystem.

### Rammevilkår

Seminarromma fungerte bra. Forelesingslokalet er for lite når alle studentane er til stade.

### Vurdering

Kurset har ei rimeleg fast form, og fungerer godt med det innhaldet det har. Det kan vere behov for noko nytenking rundt undervisningsformene og bruk av seminargruppene.